

Årsmelding 2025 – fylkestingsgruppa til Vestland Arbeiderparti

2025 har vore eit år der fylkestingsgruppa til Vestland Arbeiderparti har arbeidd målretta med strategi, politiske gjennomslag og betre samspel i gruppa. Vi har lagt vekt på tydelege prioriteringar, gode prosessar og ein arbeidsform som kombinerer faste møtepunkt, open diskusjon og tett oppfølging av sakene som kjem til fylkestinget.

For å styrkje det langsiktige politiske arbeidet gjennomførte gruppa gruppeseminar i Balestrand. Seminaret var retta mot strategi, politisk «rekneskap» og plan for arbeidet vidare. Desse seminara skal gi rom for både fordjuping, undervegsvurdering av program og plattform, skape felles retning og betre planlegging for året som kjem.

Møteverksemd

Gruppa har hatt ei fast og føreseieleg møteverksemd gjennom året:

- Fysiske gruppemøte i samband med fylkestinget fire gonger i året
- Månadlege digitale fylkestingsgruppemøte for løpande politisk oppfølging, informasjonsdeling og koordinering mellom fylkestingssamlingane
- Møter med fraksjonsleiarane og fylkesutvalsfraksjonen kvar onsdag for å koordinere oss, diskutere mediesaker og andre aktuelle tema.

I fleire av dei månadlege digitale møta har vi i tillegg lagt opp til kortare skoleringar.

I tillegg har vi lagt vekt på fellesskap og lagbygging gjennom sosiale samlingar, med sommaravslutning på fylkestinget i juni og juleavslutning på fylkestinget i desember.

Vi forsøker å ha regionmøter med kommuneparti og folkevalde lokalt slik at vi kan diskutere aktuelle sakar med partiorganisasjonen. I tillegg legg vi til rette for at folkevalde og kommuneparti på ein enkel måte kan ha dialog med gruppa.

Fylkestingsgruppa består av 12 faste representantar, men vi inviterer og topp 5 vararepresentantar til alle møter og samlingar. Dette slik at vararepresentantane er budd på å stille i møter på kort varsel.

Faglegpolitisk samarbeid

Vi har eit godt faglegpolitisk samarbeid, både på overordna nivå og på konkrete sakar. Vi har faste møter med forbunda, kor vi informerer om sakar som kjem og lyttar til kva som opptek forbunda. Det er særleg med sakar knytt til buss og til inntak til vidaregåande opplæring kor det faglegpolitiske samarbeidet er viktig. I 2025 har det og vore tett samarbeid med Fagforbundet knytt til miljøarbeidarar i Vestland fylkeskommune, som

har gjeve resultat. Det er no inngått ei avtale som sikrar at 100% løn ved 100% stilling skal vere hovudregelen for miljøarbeidarar.

Koalisjon og budsjettarbeid

Gjennom året har vi hatt eit godt og konstruktivt samarbeid i koalisjonen beståande av Ap, Sp, SV, MDG, Venstre og KrF. Samarbeidet har bidrege til breiare politisk gjennomslag i dei fleste saker, og mykje gjennomslag for Arbeidarpartipolitikk. Samstundes skal ein ikkje legge skjul på at eitt slikt breitt samarbeid og kan vere utfordrande. Alt i alt har det gått bra.

Budsjettprosessen har vore prega av god involvering og ryddige prosessar, der heile gruppa har vore med. Vi vedtok budsjettet for 2026, som mellom anna set i gang eit omstillingsprogram for fylkeskommunen og legg viktige føringar for vidare prioriteringar i åra framover.

Tydeleg prioritering og ny kommunikasjonsmedarbeidar

I 2025 har gruppa gjort ei medviten omlegging av ressursbruken. Vi har gått bort frå ei tradisjonell ordning med gruppesekretær, mellom anna fordi teknologiske løysingar gjer administrasjonsarbeidet lettare, og ei erkjenning av at meir av kapasiteten må rettast mot kommunikasjon. Tuva Brady Normanseth vart tilsett som ny kommunikasjonsmedarbeidar etter ei utlysing med fleire gode søkjarar, og vi er glade for å ha fått ho på plass.

Hovudutval for næring:

Arbeidarpartiet sine faste medlemer i Hovudutval for næring er Siri Sandvik og Per Jarle Kosior Valvatne.

Av viktige saker vi har jobba med i utvalet siste året, kan nemnast: Grøn region Vestland, besøksforvaltning, reiseliv generelt og då med særleg fokus på heilårsreiseliv, landbruk med vekt på sider og lokalmat, omlegging frå bås fjøs til lausdrift. I tillegg er behovet for kompetanse og arbeidskraft i nær sagt alle næringa reit gjennomgåande tema.

Vi jobbar godt i utvalet, både i koalisjonen der vi ikkje har fleirtal, og ofte er H og Frp også med på laget.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering:

Arbeidarpartiet sine faste medlemer i KULII er Kine Bratli Dale og Marita Harkestad Oen.

Året i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering har vore prega av tett dialog med kultur-, idretts- og frivilligfeltet i heile Vestland. At vi har klart å prisjustere tilskota våre, har vore eit viktig og verdsett tiltak i ein krevjande økonomisk situasjon, samstundes som arbeidet med færre og meir forenkla tilskotsordningar har stått sentralt.

Utvalet har hatt ei aktiv regional tilstadevering gjennom besøk i Bergen, Nordfjord, Leikanger og Sunnhordland, med vekt på friluftslivets år, kulturarv, arkiv, idrett, næring og matkultur. Besøka har gitt verdifull innsikt hos aktørane og gjer oss betre rusta til å ta gode og kunnskapsbaserte avgjerder.

Hovudutval for opplæring og kompetanse:

Arbeidarpartiet sine faste medlemer i OPPKO er Espen Edvardsen, Karianne Torvanger og Nina Haug.

Budsjettfordelingsmodellen vår legg stor vekt på klassar som eining, og derfor er den årlege prosessen med utlysing og igangsetjing av klassar særleg viktig – ikkje minst for mange små og mellomstore kommunar. Målet vårt er å sikra nærsksular med eit tilstrekkeleg breitt tilbod, og det meiner vi at vi har lukkast med. I arbeidet har vi fått gode innspel frå partilag og tillitsvalde, som fortener ein ekstra takk for bidraga sine.

Ein ekstern gjennomgang frå BDO peikar på at dagens modell med klassefinansiering fungerer godt, og det kjem ei eiga sak om dette i løpet av våren. Samstundes disponerer fylket midlar utover dei som ligg i sjølve modellen, og hovudutvalet har fått auka innsyn og politisk påverknad over korleis desse blir nytta i løpet av året – mellom anna til drift av produksjonssksular.

Året vart òg prega av stort press på kapasitet og økonomi. I Stor-Bergen er det underkapasitet på yrkesfagtilbod og PPT-tenester, og PPT vart derfor styrkt i fylkesbudsjettet for 2026. Konsekvensane av ny opplæringslov vart undervurderte, noko som førte til eit ekstraordinært møte i hovudutvalet i fellesferien og vedtak om inntil 18 nye klassar, samt auka behov for plassar og tilrettelegging for elevar med individuelt tilrettelagd opplæring. Hovudutvalet har i tillegg, i samarbeid med AUF, arbeidd for gode rammer for skuleval og følgjer opp demokratiprojektet for å auka valdeltakinga blant unge, der Nina Haug deltek i arbeidsutvalet.

Hovudutval for samferdsle og mobilitet:


Arbeidarpartiet sine faste medlemer i SAMO er Arve Helle (utvalsleiar), Emil Tomasgard og Lillian Vangberg.

I 2025 har hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) arbeidd med fleire store og strategisk viktige saker som legg premissar for rutetilbod, økonomi og utvikling av transportløysingar i Vestland. Eit sentralt tema gjennom året har vore anbod og rammer for konkurransar i kollektiv- og ferjesektoren. Utvalet handsama mellom anna bussanbodet i Nordhordland, anbodet for båtrutene i Hordaland og dei strategiske rammene og føringane for ny konkurranse i ferje anbodet i Hordaland. I tillegg har utvalet hatt særleg merksemd på rutetilbod og utsleppskutt, mellom anna knytt til Sunnhordlandsruta, der arbeidet har vore retta mot å kombinere gode reiseløysingar med tydeleg klimaambisjon.

Utvalet har òg arbeidd med fleire prioriterte investerings- og vedlikehaldssaker. Vidareføringa av vedlikehaldspakka har vore sentral for å ta vare på fylkesvegnettet og redusere etterslepet, og utvalet gav klarsignal for framdrift i to store prosjekt: Alversundbrua, med godkjenning av byggestart, og Atløysambandet, der kostnadsramme og byggestart vart godkjende. Vidare har SAMO rullert handlingsprogrammet for Regional transportplan (RTP), som er sentralt for prioriteringar dei komande åra. Elles har 2025 vore eit år på det jamne i SAMO, med godt og konstruktivt samarbeid internt i koalisjonen, og òg god dialog med opposisjonen – særleg Høgre – som har bidrege til ryddige prosessar i sakshandsaminga.

Vi takkar for samarbeid med partiet, og ser fram til samarbeid i 2026!

På vegne av fylkestingsgruppa,

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Stian J. O. Davies'.

Stian J. O. Davies,
Gruppeleiar